



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for februar 2018.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang 53



ROTARY:
MAKING A
DIFFERENCE

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Sverre Jarl Ulstein
Visepres: Vegard Gjerde
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Eileen Hareide Brandal
Styremedlem: Bjørn Teigene
Styremedlem: Knut Strømsjordet
Ansv.red.: Vigdis Riise
Referent: Karin Svendsen Holstad

Februar

Iskaldt
Over alt står trærne bladløst nakne
Kvister og greiner er alt man ser
Blomster finnes ikke mer.
Livet
ligger på vent
Det er februar
Det kaldeste vi har
Aldri er vinteren sterkere
Og våren nærmere.
Ja!
Og våren nærmere.
Det er vind og kaldt og surt
Men
hanske kult
står livet klar å springe ut.

Ukjend

Referat frå Rotarymøte 5. februar 2018.

Til dette møtet hadde vi invitert Ulstein Rotaryklubb sidan Erna Berg Rogne skulle kome og fortelje om sitt arbeid som ho driv mellom fattige born i Peru. Fleire Rotaryklubbar på Sunnmøre har gått saman for å samle inn pengar til restaurering av ein barneheim i ein liten landsby ; Chuquibamba.

Før Erna fekk ordet song vi «La oss leve for kvarandre» og presidenten ønskte velkomne!

Organisasjonen som Erna starta heiter «Mama Clara» og vart stifta for 9 år sidan etter at ho og sonen Øystein var på ein «backpacktur» m.a i Peru der dei møtte stor fattigdom og lite skulegang mellom borna i små landsbyar opp i fjella. Dette gjorde sterkt inntrykk på henne og ho reiste heim med idèen om å samle inn pengar til hjelp for borna i den vesle byen **Chuquibamba**.

No har Erna vore der 9 gongar og kvar gong tek ho med 2 store koffertar fulle med kle og leiker frå milde gjevarar frå heile Sunnmøre. Det vert også gitt medisin til eitt av bora som har ein spesiell hudsjukdom. Desse turane betalar ho sjølv – dei vert ikkje belasta innsamla midlar.

Det er no også oppretta kontakt mellom Rotary på Sunnmøre og ein Rotaryklubb i næraste storby som er AREQUIPA. Dette gjer at det vert enklare å gjennomføre prosjektet med nytt kjøken til barneheimen som ligg langt opp i fjella. Kjøkenet er no ferdig planlagt og snart er det også ferdig finansiert.

Det var svært godt frammøte frå begge klubbane og Erna er full av lovord frå hjelpa ho får frå oss.



Referat frå Rotarymøte 12. februar 2018.

Møtet vart opna med song: «At far min kunne gjera».

Denne kvelden skulle Severin Ulstein halde eit innlegg om eit prosjekt han er leiari for på Vard i Brattvåg.

På grunn av ei tragisk trafikkulykke i Sulesund der ei kvinne omkom og påfølgjande stengd veg,

nådde ikkje Severin heim til møtet.

Kan også nemne at omlag samstundes hende ei trafikkulykke ved Eiksundbrua der det også vart stengd tunnel og veg i fleire timar.

Sverre Bjåstad lufta ideen om ny og revidert songbok, men det må ein evt kome attende til !

Han ønskte også at vi bør få eit – eller fleire program der vi går gjennom og får evt presentert frå Hareid Historielag historieboka 100 år Hareid kommune

Referat frå Rotarymøte 19. februar 2018.

Denne dagen var det oppmøte ved klubbuset og oppsamlig til «kompiskøyring» til Ulsteinvik der vi skulle på bedriftsbeøk på ULSTEIN ARENA. Der var parkering i romsleg garasje før vi tok heis opp til Biblioteket der vi rusla rundt i romslege og fargerike omgivelser for vi vart samla på eit lite amfi og fekk orientering frå Leif Ringstad som er kultursjef i Ulstein kommune.

Ideen til bygget vart lufta i 2006 etter at det gamle symjebassenget ved Ungsomsskolen som var frå 1969 vart nesten kondømt.. Etterkvart melde det seg fleire behov og i 2010 vart det vedteke at det skulle byggast idrettshall og symjehall med badeland.

Ettersom behova auka, så vart det i tillegg bestemt at bygget også skulle romme:

Klatreanlegg,
bibliotek og
idrettshall. Samla
pris er no kome opp i
315 mill kr.
Det var no klart for ei
omvisingsrunde
rundt i bygget, og det
er imponerende og
sjå kva dei har fått til
og sjå aktiviteten i
dei enkelte
avdelingane. Nesten
så ein vert
misunneleg!



Referat frå Rotarymøte 26. februar 2018.

Presidenten ønske velkomen til møte, og til opning song vi "Tidt eg minnest"

Dagens foredragsholdar var Severin Ulstein, som er prosjektleiar hos Vard Skip Design. Han fortalde om The Rev Project., verdens mest avanserte forskningskip som no skal byggast.

Skipet er 181 meter langt og 22 meter breidt, har eit mannskap på 30 og plass til 60 gjester/forskerar i tillegg.

Båten har dieselelektrisk framdrift, som gir båten ei maksfart ca. 17 knop, og ein stor batteripakke på 3 MWh som gjer at han kan segle utsleppsfri i kortare perioder i sårbart farvatn. Båten har ein stor forskningslab med all sags moderne utstyr. Han har to helikopterdekk, og har tråleutstyr som kan tråle ned til 3000 meters djupn.

Båten har ein brønn (moonpool) på 7,7 x 5 meter, som er bestemt ut frå å kunne sette ut og hente inn verdens mest avanserte undervannsfarkost "Hugin", levert av Kongsberg Gruppen, og som kan nyttast under isen i polare strøk.

Store stabilisatorfinnar skal gi god komfort og gode arbeidsforhold.

Skipet har utstyr til å foreta målingar både i atmosfæren og ned til 6000 meters djupn.

Røkke bygger og driftar forskningskipet REV i samarbeid med WWF.

Prosjektet starta opp i mai 2016, og Severin har vore ansvarleg for design av båten.

Båten gir unike mulegheiter til å utforske dei muligheiter og utfordringar som ligg i havet. Då miljøet i havet er under stort press med sterk aukande forureining, er det stort behov for å sette inn tiltak for å stoppe denne utviklinga, og denne båten vil vere eit bidrag i den retning. Nina Jensen, som er ansvarleg for dette prosjektet hos Røkke, har tidlegare vore leiar for WWF. Det vert slept ut over 8 mill. tonn plast i havet kvart år, og det er i ferd med å bli ei enorm miljømessig utfordring. Det er lagt opp til at REV kan bli ei plattform for utvikling av teknologi som fangar opp plast og behandle den om bord på ein svært miljøvenleg måte. Global oppvarming fører til at havnivået stig og er ein stor trussel for mange lavtliggande byar og landområde. Livet i havet er redusert med 40% dei siste 30 åra, og eitt av måla for båten er bidra gjennom forskning til at denne utviklinga kan endrast.

Planen er at båten skal kunne leigast ut til forskningsmiljø i heile verda, og studentar med gode idear skal også kunne vere med å prøve ut sine idear.



